

1. JANUAR 2019



*Bildekilde: NTB/Scanpix*

## RETNINGSLINJER FOR SAMARBEIDSUTVAL OG SKULEMILJØUTVAL VED KVITSEID SKULE

## **Lovkrav**

### **§ 11-1. Samarbeidsutval ved grunnskolar**

Ved kvar grunnskole skal det vere eit samarbeidsutval med to representantar for undervisningspersonalet, ein for andre tilsette, to for foreldrerådet, to for elevane og to for kommunen. Den eine av representantane for kommunen skal vere rektor ved skolen. Elevrepresentantane skal ikkje vere til stades når saker som er omfatta av teieplikt etter lover eller forskrifter, blir behandla i samarbeidsutvalet.

Samarbeidsutvalet har rett til å uttale seg i alle saker som gjeld skolen.

### **§ 11-1a. Skolemiljøutval ved grunnskolar**

Ved kvar grunnskole skal det vere eit skolemiljøutval. I skolemiljøutvalet skal elevane, foreldrerådet, dei tilsette, skoleleiinga og kommunen vere representerte. Skolemiljøutvalet skal vere sett saman slik at representantane for elevane og foreldra til saman er i fleirtal.

Samarbeidsutvalet kan sjølv vere skolemiljøutval. Når samarbeidsutvalet fungerer som skolemiljøutval, må det oppnemnst tilleggsrepresentantar for elevane og foreldra, slik at dei samla får fleirtal.

Elevrepresentantane skal ikkje vere til stades når saker som er omfatta av lovfesta teieplikt blir behandla i skolemiljøutvalet. Når elevane ikkje er til stades, skal foreldrerepresentantane ha dobbeltstemme tilsvarande bortfallet av elevrepresentantane sine stemmer, eller talet på foreldrerepresentantar aukast tilsvarande.

Skolemiljøutvalet skal medverke til at skolen, dei tilsette, elevane og foreldra tek aktivt del i arbeidet for å skape eit godt skolemiljø. Skolemiljøutvalet har rett til å uttale seg i alle saker som gjeld skolemiljøet, jf. kapittel 9a.

## **Oppretting av SU og SMU**

Rektor har ansvar for at SU og SMU blir oppretta ved skulen kvar haust. Rektor har ansvar for at det blir vald rett tal på representantar til båe organ jf. lovkrav.

Det blir vald ein representant frå barneskulen (1.-7. trinn) og ein representant frå ungdomsskulen (8.-10. trinn).

Ved Kviteseid skule er SU sjølv SMU. Rektor har ansvar for at det blir vald rett tal på tilleggsrepresentantar og at ev. avstemmingar blir rett i tråd med lovkrav.

Rektor har ansvar for å informere om teieplikta, og å innhente underskrift frå representantane på at det er gjort kjend med denne. Rektor har ansvar for at elevrepresentantane ikkje deltek på handsaming av saker som er omfatta av teieplikta.

SU og SMU skal ha fire møter per skuleår, to om hausten og to om våren. Dersom det er ekstraordinære saker, kan det kallast inn til ekstra møte. Det er rektor som kallar inn til møte i

SU og SMU. Møta kan følgje etter kvarandre, men det skal ligge føre to innkallingar, to sakslister og to møtereferat. Det skal vera tydeleg for alle når møte i det eine fora tek slutt og det andre tek til.

Fyrste møte om hausten skal haldast før haustferien.

### **Om samarbeidsutvalet sitt arbeid**

SU er skulen sitt høgste rådgjevande organ. SU har rett til å uttale seg i alle saker som gjeld skulen. Døme på dette er: ordensreglement, verksemds- og utviklingsplanar, budsjettframlegg, plan for heim-skule samarbeid, trafikkforhold, skuleskyss, planar for ombygging og vedlikehald av skuleanlegg, skulen si informasjonsverksemd.

### **Om skulemiljøutvalet sitt arbeid**

Hensikta med skulemiljøutvalet er å sikre at skulen har eit systematisk arbeid for eit godt skulemiljø. SMU er eit rådgjevande organ for skulen knytt til dette. SMU kan be skulen om konkrete tiltak for å betre skulemiljøet, t.d. ved at SMU handsamar brukarundersøkingar.

*Rektor skal informere om desse rettane på fyrste møte i SU og SMU om hausten:*

- SMU har rett på og skal få informasjon om alt som er viktig for skulemiljøet
- SMU skal bli tatt med på råd i arbeidet med skulemiljøtiltak
- SMU har rett til å uttale seg og koma med framlegg i alle saker som gjeld skulemiljøet
- SMU har rett til innsyn i all dokumentasjon som gjeld det systematiske arbeidet for eit trygt og godt skulemiljø

### **SU/SMU sitt arbeid med skulemiljøet**

SMU skal arbeide for eit trygt og godt skulemiljø. Både SU og SMU skal haldast informerte om alt som er viktig for skulemiljøet, og så tidleg som mogleg takast med i arbeidet med skulemiljøtiltak. SMU skal årleg som eit minimum drøfte delen av elevundersøkinga som gjeld trivsel og skulemiljø. SMU skal også årleg evaluere skulen sine tiltak for å fremme eit trygt og godt skulemiljø jf. «Plan for eit trygt og godt skulemiljø i Kviteseidsskulane»

Rektor har ansvar for at SU/SMU blir informert om elevane sin rett til eit trygt og godt skulemiljø, både psykososialt og fysisk, kvar haust, jf. opplæringslova § 9a. Dette blir gjort på fyrste møte. Materieell som kan brukast til orienteringa ligg her: <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/skulemiljo/informasjon-til-foreldre/>. SU/SMU skal også informerast om skulen sitt

systematiske arbeid med det psykososiale miljøet jf. «Plan for eit trygt og godt skulemiljø i Kviteseidsskulane».

Dersom det skjer endringar i skulemiljøet i løpet av skuleåret som krev tiltak, eller skulen ynskjer å sette inn nye tiltak av andre årsakar, har rektor ansvar for at SU/SMU får høve til å uttale seg i saka.

På kvart møte i SU/SMU skal rektor fast orientere om nå-situasjonen kring skulemiljøet, og skulen sitt kontinuerlege arbeid for å sikre eit trygt og godt skulemiljø for alle elevar.

### **Handsaming av saker i SU og SMU**

Rektor har ansvar for å kalle inn til møte i SU og SMU i samarbeid med leiar. Innkalling med sakliste og naudsynte vedlegg skal sendast alle representantane seinast ei veke før møtet. Rektor er sekretær for SU og SMU og har ansvar for at dette kjem fram til alle representantane utan ugrunna opphald, og at det blir arkivert og gjort kjent på rett vis.

Rektor har ansvar for at det på fyrste møte i SU og SMU om hausten blir sett opp ein møteplan og årshjul for handsaming av faste og aktuelle saker komande skuleår.

Møteplanen koordinerast med møteplan for elevrådet, slik at elevrådet har møte i forkant av møte i SU og SMU.